


Påska 2020



5.april – 13.april 2020

Nåde vere med dykk, og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

Det er vel ei underleg påske vi går inn i: For første gong sidan mellomalderen vert det ikkje feira påskegudstenester rundt om i kyrkjene i landet vårt.

Korleis skal vi då feire påske?

For påska må feirast! Det er påska sine hendingar, påska sine mysterium, påska sin grensesprengande nåde som er heile grunnlaget for at kyrkja er til: Kyrkja vart til fordi menneske på ein ny og overraskande måte møte Jesus Kristus, han som var død, men som er levande. Kyrkja byrja å verte til då kvinnene ved grava såg og fortalde- *vitna om*- at det utrulege hadde hendt. Kyrkja er til å for å vere eit levande vitne for heile verda om at Jesus lever og kjem oss i møte. Difor feirar kyrkja alltid påske, også no når vi ikkje kan samlast i kyrkjene våre.


«Saman med di kyrkje i himmelen og på jorda vil vi tilbedande syngje», skal vi synge igjen i kyrkjene når vi igjen kan samlast for å feire gudsteneste og nattverd. Men allereie no kan vi vere med i songen, i gleda og i feiringa av at Jesus er her, no, midt i blant oss, midt i ei verd og ei tid som er uviss og trugande.

Så lat oss synge og be og høyre forteljingane om den første påska. Lat oss feire påske. Der vi er, men saman med alle dei andre!

Prestane i Volda

Birgitte Kessel (prestestudent), Matias Austrheim,
Kristian Myklebust, Ingrid Finsådal, Ingeborg Matre

Palmesøndag 5. april



Giotto di Bondone, Capella degli Scrovegni, Padova

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Hosianna, Davids son! Velsigna vere han, som kjem i Herrens namn!

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 118, 25-29 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Johannes 12, 12-24

Andakt ved prestestudent Birgitte Kessel

Mektig og makteslaus

På veg inn i ei spesiell påske trur eg vi kan konstatere at det er mykje vi ikkje har makt over. Vi får kjenne på korleis det er å vere makteslause i møte med eit ørlite virus, og vi har, utan å klage nemneverdig mykje, lete politikarane våre ta frå oss store mengder makt over eigr liv. Makt kan vere på godt og vondt. I beste fall er makt livgivande og i verste fall er makt enormt destruktivt. Men vi kjem ikkje utanom makt.

Det er palmesøndag, og Jesus rir inn i Jerusalem som ein konge – med makt. Folk strøymer til, fordi Jesus nettopp har vist si makt. Han har reist venen sin, Lasarus, opp frå døden. Denne dagen er Jesus ein mektig konge, til glede og undring, men også til provokasjon og sinne. For han er ikkje heilt som dei andre makthavarane. Han brukar den sosiale makta si til å prate med dei som vert sagt å vere feil folk. Han brukar makta si til å gjere sjuke friske. Han veltar bord i tempelet når nokon prøver å tene pengar på dei åndelege behova til fattige menneske. Han vaskar dei skitne føtene til læresveinane og viser dei korleis ekte leiarskap skjer nedanfrå. Han skapar liv

midt i det daude. Jesus er den som viser oss korleis makt kan brukast: Til å reise opp dei som ligg nede, lækje det som er såra og vondt, forsona det som er rive frå kvarandre, invitere menneske inn i et livgivande fellesskap, med seg sjølv, og med andre.

Maktdramaet i påskeveka er fullt av kontrastar og paradoks. Den mektige kongen blir plutseleg den makteslause krossfesta kongen. Vi er førebels berre på palmesøndag, men påska må også «lesast baklengs» for at vi skal forstå det som opprørarane mot Jesus ikkje forstod. At han ikkje skulle bruke makta si til å vinne ein kongetittel, men bruka si makt for å vinna eit folk. Nett ved å gjere seg makteslaus og gje sitt liv i total audmjuking på krossen. For så å koma med den største maktdemonstrasjonen, nemleg sigeren over døden.

Vi har alle forskjellige erfaringar av korleis makt vert brukt og misbrukt. Vi lever i spennet mellom å ha makt over eiga liv, og å kjenne på det å vere makteslaus i møte med det vi ikkje har kontroll over. Midt mellom makt og avmakt. Akkurat no for tida får vi kjenne på korleis det er å gje opp individuell makt og fridom til det beste for fellesskapet. Det treng vi kanskje. Nokon av oss treng også å reise oss etter å ha blitt fråteken makt og verdigheit. Andre av oss treng å ta eit oppgjør med korleis vi brukar makta vår overfor andre menneske. For dei fleste av oss gjeld begge deler. Vi er alle ein del av ei verd der det skjer maktmisbruk, både i undertrykkande relasjonar og i undertrykkande strukturar. Ved å bruke

makta si radikalt annleis, kunne Jesus nettopp peike på og avsløre maktmisbruket og vise oss eit alternativ. Makt kan brukast til det gode. Makt kan brukast til å lyfte menneske opp framfor å halde dei nede. Til å tene framfor å herske. Og midt i det som tilsynelatande synar svakt og makteslaust, kan den aller mektigaste kjærleiken synast.

Forsakinga og Truvedkjenninga

Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.

Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
før ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
før opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,

eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen og evig liv.
Amen.

Bøn

Jesus Kristus, audmjuke konge,
du kom til oss, fornedra og fattig.
Vi bed deg:
Forson oss med Gud og med kvarandre.
Lær oss å gje avkall på vårt eige og følgja deg,
du som med din Far og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve.
Amen.

(Dagens bøn for palmesøndag)

I dag ber vi spesielt for:

Kyrkjelydane i Volda, i Noreg og i verda
Alle som arbeider i helsevesenet
Alle som er sjuke

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt
og makta og æra i all æve.
Amen.

Salme:

Norsk salmebok 149 Hosianna! Syng for Jesus

T 1979 Eyvind Skeie
M 1979 Harald
Herresthal

1 Hosianna! Syng for
Jesus,
syng for kongen uten
prakt.
Se, han rider på et esel
slik profeten før har sagt.

2 Hosianna! Han er salvet
til å dø for folket sitt.
Han vil bære bånd og
lenke,
så hans folk kan være
fritt.

3 Hosianna! Det er påske.
Jesus drar mot død og
grav.
Ydmyk, for å tjene andre,
legger han sin allmakt av.

4 Hosianna! Syng for
Jesus!
Syng for kongen når han
drar
mot sitt kors, ja, mot den
trone
der hans makt blir
åpenbar!

T og M © Norsk
Musikforlag A/S S ©
Cantando Musikkforlag
AS

Velsigning:

Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✠ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)

Måndag 6.april

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 115, 1-6.11.15-16 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Markus 11, 12-19

Bøn

Herre, Jesus, med den såra lekamen, hjelp oss å sjå deg
Herre Jesus, med den brennande tornekrona, hjelp oss
til å sjå deg.

Herre Jesus med den lidande kjærleiken, hjelp oss til å
sjå deg.

Herre Jesus: I vår synd og vår avmakt, sjå oss.

Herre Jesus: I vår anger og fortviling, sjå oss.

Herre Jesus: i vår siste time og på den ytterste dag, sjå oss.

Sjå oss som dine. Og lat oss få sjå deg som vår. Amen
(nr.55 i Bøneboka i Norsk salmebok)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

Born og unge

Leiarar og folkevalde i verda, Noreg og Volda.

For det vanlege livet- midt i alt som er uvisst rundt oss

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme

Norsk salmebok 141 Han gikk den tunge vegen

T 1975 Britt G. Hallqvist

O 1976 Svein Ellingsen

M 1975 Egil Hovland

1 Han gikk den tunge
veien

opp til Jerusalem.

Han gikk med sine
venner,

med dem som skulle
svikte ham.

Han gjorde det for dem.

Han gjorde det for dem.

2 Han gikk den tunge
veien

opp til Jerusalem.

Der ble han torne kronet

og skamslått under

mengdens hån.

Han led, han led for dem.

Han gjorde det for dem.

3 Han gikk den tyngste
veien,

der bar han selv sitt kors.

Han bad: «Min Gud,
forlat dem.»*

Han ga sitt liv på korsets
tre,

han gjorde det for oss,
for alle og for oss.

* Luk 23,34

© Norsk Musikforlag A/S

Velsigning

Herren velsigne oss, og verne oss mot alt vondt, og føre
oss til det evige livet. Amen ☩ (Her kan du teikne deg
med krossteiknet)

Tysdag 7.april

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 113 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Markus 12, 28-37 og 13, 33-37

Bøn

Herre Jesus, rekk ut dine sårmerkte hender og velsigna
ditt folk. Sameina oss med deg og med kvarandre i
kjærleik. Amen

(nr.205 frå Bøneboka i Norsk Salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

Borna i flyktningleiren i Moria – og alle menneske som er på flukt

Menneske i fattige land som vert ramma av koronaviruset

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme

Norsk salmebok 358 För at du inte tog det gudomliga

T 1970 Olov Hartman

smälek och fattigdom,

M 1975 Börge Ring

vet vi vem Gud är.

1 För att du inte
tog det gudomliga
dig till en krona,
för att du valde

2 För att du lydde
fram till det yttersta
– döden på korset,
vet vi vad seger,

vet vi vad väldighet,
vet vi vad Gud är.

3 För att du nedsteg
hit till de plågade,
hit till de dömda,
vet vi att ingen
ensamhet finnes mer,
vet vi var Gud är.

4 Därför skall alla
sargade, döende,
alla de dömda,
säga med alla

heliga, saliga:
Jesus är Herre.

5 Därför skall alla
världar och varelser,
allt som har varit,
är och skall komma,
en dag bekänna det:
Jesus är Herre.

T © Olov Hartmans
dødsbo M © Börge
Ring/Musikringen S ©
Cantando Musikkforlag
AS

Velsigning

Herren velsigne oss, og verne oss mot alt vondt, og føre
oss til det evige livet. Amen ☩ (Her kan du teikne deg
med krossteiknet)

Onsdag 8.april

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 132, 13-18 og 133 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Markus 14, 1-11

Bøn

Takk, gode Gud, for alle som gjer det gode: Lindrar naud, tørkar tårer, trøystar den redde, tek seg av den einsame og hjelpelause, kjempar for rettferd, ber urett, gjer livet lysare for medmenneske, seier det gode ordet, gjer dagens gjerning med truskap. Takk for at du kan lyfta gjerningar i kvardagen opp til teneste for deg.

(Nr. 189 i Bøneboka i Norsk salmebok)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

Vennskapet og fellesskapet sine gleder og vanskar
Vennskapet med Jesus, som er både Messias og ven

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt
og makta og æra i all æve.
Amen.

Salme

Norsk Salmebok 614 Vår lovsang skal møte deg

T 1976 Svein Ellingsen

M 1976 Harald Gullichsen

1 Vår lovsang skal møte deg, Kristus! Her lar du deg finne.

Vi takker og tilber deg! Underets time er inne!

2 Hva vi med vårt opprør mot Gud har lagt øde, skal bøtes

den hellige time når død og oppstandelse møtes.

3 Her er du, vår tjenende Herre og Mester, til stede blant oss som av vantro og nagende tvil holdes nede.

4 Det liv som var tapt, har du vunnet og gitt oss tilbake, du gir oss deg selv i det måltid du lar oss få smake.

5 Og vi som har sviktet deg, løftes til lovsang og glede! Du leder oss inn i ditt samfunn, i forbønnens kjede.


6 Vi takker og tilber deg! Underets time er inne! Vår lovsang skal møte deg, Kristus! Her lar du deg finne.

© Norsk Musikforlag A/S

Velsigning:

Herren velsigne oss, og verne oss mot alt vondt, og føre oss til det evige livet. Amen ✠ (Her kan du teikne deg med krossteiknet)

Skjærtorsdag - 9.april



Gaston de La Touche: Nattverden, 1897

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er livsens brød. Den som kjem til meg, skal ikkje hungra, og den som trur på meg skal aldri tørsta.»

Innleiing

Gud, gi oss troen tilbake; tro gjennom dypest mørke, liv gjennom natt og død!

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 116 frå Salmane

Bibeltekst: Evangeliet etter Johannes 13,1-17 (Du kan også lese Markus 14, 12-25 om du vil)

Andakt ved Ingrid Finsådal, sokneprest i Austefjord og Kilsjord

«Vask hendene!»

Det har vært ei av oppfordringane frå helsemyndighetene til oss alle dei siste vekene. Gjer det du kan for å hindre smitta og vask hendene. Reinleik er nemleg eit viktig våpen mot den usynlege fienden vi alle står ovanfor no. Viruset tåler ikkje såpe og vatn.

At reinleik er viktig for å bekjempe virus og bakteriar er ikkje noko nytt i dag. Det har legevitskapen visst i lang tid. Samtidig veit vi at det ikkje er alt vondt her i verda som forsvinn med såpe og vatn. For også i Koronaens tid – sjølv kor flinke vi er til å vaske hender og halde fysisk avstand - treng vi be til livets Gud om hjelp. Vi treng eit nådig og kjærleg nærvær midt i alt det som vil bryte ned og øydelegge oss og det gode fellesskapet vi er skapt til å leve i.

Skjærtorsdag minner oss om dette. At vi treng noko og nokon utanfor oss sjølv. Livet er sårbart og vi er avhengige av kvarandre og av Gud.

Det var også det Peter oppdaga då Jesus sette seg ned for å vaske føtene hans. Ikkje rart at han vart oppskaka og nekta då Jesus - han dei kalla for Herre og Meister - gjekk inn i ein tenar sine oppgåve og byrja vaske føtene hans. «Aldri i æva om du skal vaske føtene mine!» seier Peter. Men Jesus svarar: «Dersom eg ikkje vaskar deg, har du inga del i meg.» Jesus visste nemleg at den skikkelige vaskejobben – den som skulle vaske bort alt det vonde både i oss og rundt oss her i verda – den kunne og kan berre Han, Guds eigen Son gjere.

Vidare utfordra han læresveinane sine – og han utfordrar oss – til å gå inn i same tenarrolle som Han for våre medmenneske.

Han sa ikkje at vi skulle påpeike andre sine feil og manglar for sjølv å kome godt ut av det. **I staden sa han:** Ta først bjelken ut av ditt eige auge! Då ser du klårt og kan ta flisa ut av auget til bror din.

Han sa ikkje at vi skulle tru vi var viktigare enn andre. **I staden sa han:** Den siste skal bli den fyrste.

Han sa ikkje at det alltid kom til å bli lett. ***I staden sa han:*** Ten og elsk kvarande, slik eg fyrst har gjort det.

Og fordi han veit at vi alle menneske er bundne av denne verdas destruktive krefter, sa **han heller ikkje** at berre du prøver hardt nok, kan du bli heilt rein på eiga hand.

I staden sa han: Dersom eg ikkje vaskar deg, har du inga del i meg.

Legen Kahve Rashidi skreiv i Aftenposten litt tidlegare i mars at: «Koronaviruset er for meg, som for de aller fleste, det eneste som nå surrer rundt i hodet.» Men som ei oppmuntring, skriv han også vidare: «Det som er sikkert, er at dette tar slutt. Da skal jeg klemme hele tiden.» Det gjev håp midt i krisetida.

Eit slikt håp fekk vi også i enda større skala i påska. Eit håp om at alt det som er vondt ein gong ikkje skal vere meir. For «Han skal tørka kvar tåre frå auga våre, og døden skal ikkje vera meir, og ikkje skrik og ikkje pine. For det som ein gong var, er borte.» (Op 21,4) Enn så lenge må vi leve dagane vi har her nå i uvisse. Men sjølv no skal vi få ha den tru og det håp at vi ikkje er aleine. Gud er med oss også nå – midt i krisa, midt i all bekymring og uro. For det har han også lova oss.

Bøn:

Herre Jesus Kristus,
du gav deg sjølv til soning for syndene våre
og innbyd oss til ditt heilage måltid.
Vi bed deg:
Samein oss med deg i brødet og vinen.
Ver oss nær sjølv når vi sviktar,
og lat oss med heile di kyrkje samlast hos deg i ditt
fullenda rike,

du som med din Far og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve. Amen

(Dagens bøn for skjærtorsdag)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

Gleda over maten og for fellesskapet rundt måltidet

Alle som gjer at vi har mat og det vi treng- og for alle
rundt om i verda som ikkje har det.

Nattverden sine store gåver-som vi no ventar på å ta del i

Om kraft til å tene andre

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme Norsk salmebok 163 No vaskar han føtene deira

T 1995 Edvard Hoem

M 1995 Henning

Sommerro

1 No vaskar han føtene
deira
og tørkar dei varsamt
med kledet.

No vaskar han føtene
deira,
og minner dei om dette
eine,
at han, som er son av den
høgste,
er komen til oss for å
tene.

No vaskar han føtene
reine.

2 Slik lyfter han slaven til
fridom.
Han vaskar bort støvet frå
vegen.

Den livslange, strevsame
vegen
skal ende hos han, i Guds

rike.

Og han som er son av den
høgste,
han bøyer sitt hovud mot
jorda,
og slik blir han
menneskets like.

3 Slik sprenger han
tilværets gåte.
Han bur seg til møtet med
døden.

Han tener fordi han er
herre.

Han bøyer seg ned for å
sone.

Han førebur gudsrikets
orden:

Dei siste skal vera dei
første.

Den minste skal stå ved
hans trone.

T © Edvard Hoem M og S © Cantando
Musikkforlag AS

Velsigning:

Herren velsigne oss, og verne oss mot alt vondt, og føre
oss til det evige livet. Amen ✠ (Her kan du teikne deg
med krossteiknet)

Langfredag - 10.april



Frå Santa Corona-kyrkja i Vicenza

By Didier Descouens - Own work, CC BY-SA 4.0, <https://commons.wikimedia.org/w/index.php?curid=61573418>

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesus som seier: «Det er fullført.»

Innleiing

Når krossen underfull eg ser,
der Livsens hovding måtte døy,
all verdsens vinning armod er,
all stordom kverv som halm og høy

Å kjærleiks djup, å miskunns drott:
Var enn min rikdom hav og land,
og fekk du alt, det vart for smått.
Her er mi sjel, mitt liv, mi hand.
(Norsk salmebok 170)

Tekst frå profetane

Jesaja 53, 3-7

Bibeltekst: Evangeliet etter Markus 14,26-15,37

Andakt ved Matias Austrheim, vikarprest i sokna i

Volda

Langfredag i coronaens tid

Vi feirar påske i coronaens tid. Dette virus som breier seg over heile verda og som har blitt til ein pandemi som rammar alt folk på jorda. Vi har ingen vaksine, vi kan alle bli ramma.

Corona-viruset er som ein krans eller ei krone med piggar som fester seg i halsen og på lungene. Difor ordet corona, som betyr krone eller krans! Du ser den på TV skjermen i alle coronareportasje verda rundt.

Det er mange som er urolege og redde i denne tid. Det er så uverkeleg at det skal ramme oss? Vi har høyrte om Spanskesykja, men det var i 1918. Og vi har høyrte om Ebola-epidemien, men det var langt borte i nokre fattige utviklingsland. Men no er vi òg ramma. Med verdas beste helsevesen og det beste medisinske utstyr som fint har vi likevel ikkje kontroll. Vi trur og vonar at det skal gå bra, men vi kjenner at vi er sårbare og utrygge. Vi kan alle bli sjuke, og vi kan døye.

Corona-epidemien oppstod som pandemi midt i fastetida.

Askeonsdag vart vi teikna med korsmerket, med

påminning om at vi er støv. Vi vart mint om vår forgjengelegdom og vårt behov for frelse frå synd og død. Corona-pandemien minner oss på mange måter om det same, vår forgjengelegdom, sårbarheit og at vi ikkje er allmechtige.

Spørsmålet er: kvar skal mi hjelp kome frå?
Langfredag fylgjer vi Jesus Kristus på korsvegen. Med ei klungerkrone på hovudet, ei corona, full av kvasse piggar som bora seg inn i huda hans. Påska sin bodskap er at han gjorde det for oss! «Han vart såra for våre brot og sundbroten våre synder, straffa låg på han for at vi skulle ha fred, og ved hans sår har vi fått lækjedom». (Jes 53)

Det går med oss som med disiplane, dei sovna, svikta og forneakta. Men langs vegen skal vi få erfare at det er ikkje vi som fylgjer Kristus men Han som går vegen med oss, for oss. Jesus Kristus ber ikkje sitt kors, han ber vårt. Gud er hos syndarar. Gud er hos dei som har sår og som lid. Gud er hos dei som treng håp. Langfredagens bodskap er at Jesus er prøvd i alt som kan møte oss, men utan synd. Han for ned til botnen av all liding, einsemd og smerte med den kjærleiken som er sterkare enn døden. Midt i alt menneskeleg mørker er vi likevel ikkje åleine. Gud er der! Difor seier vi: Ave crux, spes unica! Ver helsa kors, vårt einaste håp!

Ave Crux

Dette tre vi klamrer oss til
for ikke å forsvinne
dette tre vi klatrer opp i
når vi ikke strekker til
dette tre springer ut med

blodrøde blomster i natt
Søker vi dit mot kveld
ser vi løvet
stige som fjær.

Diktet er skrive av Jan Erik Rekdal, lyrikaren som er kjend for boka Oppstandelsens nærver.

Diktet skildrar Jesu kors, treet som spring ut med blodraude blomar, slik Jesu blod reinsar frå all synd. Og slik barnet klatrar i treet får vi klamre oss til korset og til Jesus. Som lauvet stig til vers som lette fjør, stig våre bøner og våre sjeler til himmelen, til Gud.

«Men i alt dette vinn vi meir enn siger ved han som elska oss...for ingenting kan skilje oss frå Guds kjærleik i Jesus Kristus, vår Herre» (Rom 8: 39)

Bøn:

Evige, nådige Gud,
du sende Son din for å lida og døy for vår skuld.
Vi bed deg:
Opna hjarta våre for gåtene i Kristi kross.
Lat krossen bli teiknet på håp
i ei verd merkt av liding og vondskap,
ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre,
som med deg og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve. Amen

Stille bøn

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt
og makta og æra i all æve.
Amen.

Salme

Norsk salmebok 138 Du som låg i natti seine

T 1931 Jakob Sande

M 1972 Rolf Karlsen

1 Du som låg i natti seine
sorgtyngd, vanvørd og
åleine,
skjelvande på såre kne,
du som skåli trufast
tømde
medan alle dine rømde,
stridsmann frå
Getsemane!

2 Du som spotta vart og
banna,
kront med klungerkrans
om panna,
medan augo brann i sorg,
du som stod i namnlaus
pine,
skild frå dei du kalla dine,
einsam i Pilati borg!

3 Du som hekk til krossen
nagla,
medan blodut sveitte
hagla
frå di panne då du sa:
«Fader, kvifor gjekk du
frå meg!»
Å, lat nådens blodstraum
nå meg,
offerlam frå Golgata!

4 Lær mi sjel kor du laut
lida,
syn meg såret ditt i sida,
styrk og nør mi veike tru.
Syn meg dine merkte
hender,
så eg frelst mitt auga
vender
opp til deg på krossen, du.

T © Siri Sande M og S ©
Kjell Mørk Karlsen

Velsigning

Herren velsigne oss, og verne oss mot alt vondt, og føre
oss til det evige livet. Amen ✝ (Her kan du teikne deg
med krossteiknet)

Påskeaften - Laurdag 11.april



Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Hør vår helligaftens bønn! Hør oss, Guds, enbårne Son!
Hør oss denne påskekveld, ettergi oss all vår gjeld, så
oppstandne fra de døde, glad vår mester vi kan møte!
(NFS Grundtvig, nr 181 i Norsk salmebok)

Bibelsk salme

Salme 23 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Markus 15, 38-47 og Romarbrevet 6, 3-11

Bøn

Evige Gud, livsens opphav,
i denne natta reiste du Kristus opp av grava til det nye livet.

Vi lovprisar deg for kjærleiken din som er sterkare enn døden.

Vi bed deg:

Lys for oss når natta er mørk og styrk oss i dåpens nåde,
ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre,
som med deg og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve. Amen

I dag takkar og ber vi spesielt for:

For kvile og søvn, for rekreasjon og nyskaping

Om mot, håp og tru i tunge stunder

For våren og ljosare dagar

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt
og makta og æra i all æve.
Amen

Salme

Norsk salmebok 173 Hill deg, frelser og forsoner

T 1837 N.F.S. Grundtvig,
før 1250 Arnulf fra
Louvain

M 1878 C.C. Hoffmann

1 Hill deg, Frelser og
forsoner!
Verden deg med torner
kroner,
du det ser, jeg har i sinne
rosenkrans om kors å
vinde,
gi meg dertil mot og hell!

2 Hva har deg hos Gud
bedrøvet,
og hva elsket du hos
støvet,
at du ville alt oppgive

for å holde oss i live,
gi deg til oss fullt og helt?

3 Kjærligheten,
hjertegløden
sterkere var her enn
døden.
Du for vår skyld alt
forsaker,
og i lydighet du smaker
korsets død i alles sted.

4 Akk, nå føler jeg til fulle
hjertets hårdhet, hjertets
kulde!
Hva sprang ut av disse
fjelle
navnet verdt til å
gjengjelde,
Frelser, all din kjærlighet?

5 Dog jeg tror: Av dine
vunder
vell sprang ut til stort
vidunder,
mektig til hver sten å
velte,
til et isberg selv å smelte,
til å tvette hjertet rent.

6 Derfor ber jeg deg med
tårer:
Led den inn i mine årer,
floden som kan klippe
velte,

floden som kan isberg
smelte,
som kan blodskyld tvette
av!


7 Du som har deg selv
meg givet,
la i deg meg elske livet,
så for deg kun hjertet
banker,
så kun du i mine tanker
er den dype sammenheng.

8 Ja, jeg tror på korsets
gåte,
gjør det, Frelser, av din
nåde.
Stå meg bi når fienden
frister,
rekk meg hånd når øyet
brister,
si: Vi går til Paradis!

Velsigning:

Herren velsigne oss, og verne oss mot alt vondt, og føre
oss til det evige livet. Amen✠ (Her kan du teikne deg
med krossteiknet)

Påskedag - 12.april



Hugo L. Mohr- altarveggen i Volda kyrkje

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om han som seier: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg skal leva om han så døyr!»

Innleiing

Han er oppstaden, dyre ord!
For all vår synd er soning gjort,
no er Guds himmel open!
Min Jesus sigra då han braut
dei piler døden mot meg skaut,
og knuste mørkheims våpen.
Å røyst, mi trøyst!
Sjå, med siger
fram han stiger.
Bøtt er skaden.
Han var død, men er oppstaden!

(Høgtidsverset til påskedag, Norsk salmebok 193)

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 118, 14-24 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Lukas 24, 1-9

Andakt ved Kristian Myklebust, sokneprest i Volda og Dalsfjord

Kristus er oppstaden! Ja, han er sanneleg oppstaden!

Kva gir menneska håp? Ikkje berre små-håp; dei treng vi også, verkeleg, og særleg no, men kva har fylt, fyller og kan fylle menneska med det verkeleg store håpet, håp vi ikkje kan leve utan? Håp som varer, håp som kan bere gjennom lange, tunge tider? Håp som gjer at vi kan halde fram, steg for steg? Håp som ikkje berre er *mitt*, men *vårt*?

Våren som kjem fyller menneska med håp. Ingen kunne vel leve i ein evig vinter, same kor glad ein måtte vere i skiturar og snø dagar. Til alle tider har menneska lyfta andletet mot sola, strekt på seg og *kjent* kor godt det er at våren er på veg. Snart spirar det, snart renn det i bekkane; snart er ikkje badegolviet mitt fullt av dryppande våte vinterdressar og vottar som ikkje ein gong tørkar over natta, snart kan vi gå ut utan jakke! «Den heile skapning stundar, no fram mot sumars tid» syng vi i den salmen som for mange er vårteiknet i seg sjølv, «No livnar det i lundar.» Lat oss synge den mange gongar denne våren! Våren si kraft fyller oss med nytt mot, og eg trur det er fordi livskreftene, ja Skaparkrafta sjølv, så tydeleg er på ferde, når det vert grønt og levande kring oss.

Barn som vert fødde fyller menneska med håp. Når alt dette er over, når orda «smittefare» og «avstand» ikkje lenger er dei mest brukte orda rundt oss; ein dag vi ikkje veit *når* kjem, berre *at* han kjem, då håper eg å ta med meg eit lite barn som vi går og ventar på heime hos oss

denne våren, for å gå på besøk på institusjonane der vi vanlegvis brukar å ha andakter. Då har eg lyst å halde henne i armane, lese det vi les kvar gong det er dåp i kyrkja, om kor venleg Jesus tek i mot borna og opnar Guds rike for oss. Menneske forlet stadig denne verda, og vi sørgjer og gret over dei som fer frå oss, over døden si kraft mellom oss. Og, likevel, som små, men store håpsteikn: Barn blir fødde heile tida, over alt på jorda, også denne underlege korona-våren. Barn fyller staden dei er på med glede. Sjølvsaft fyller dei også staden dei er på med mykje anna; med uro og bekymringar, med våkenetter og bråk og bleier og kringling og endelause haugar med skitne klede og.... men aller mest: Med glede, med håp, med ei tru på at det faktisk kjem ei framtid.

Jesu oppstode frå dei døde kan fylle menneska med håp. Dette er det einaste Håpet eg torer å skrive med stor bokstav. Som ikkje noko anna kan denne grensesprengande og utrulege hendinga gi verda eit håp; eit håp som strekkjer seg forbi den grensa vi kallar for døden. Kvinnene som kjem til grava i morgonlysninga i Jerusalem for snart 2000 år sidan kjem dit fordi dei har slutta å håpe. Dei har sett, med eigne auge, at han dei like gjerne kunne kalla for Håpet, har blitt teken frå dei. Jesus er død. Når Jesus er død, har dei berre ei grav å gå til. Ikkje eit håp, berre ei grav. Det dei møter denne lyse morgonen snur om på alt. Dei møter ei grav som er tom og eit svimlande, fantastisk spørsmål: «Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde?» Framleis veit dei ikkje kva som har skjedd, framleis ser dei berre stykkevis, framleis sit langfredag og smerta og sorga og

døden og alt i dei. Men frå og med denne augneblinken vender håpet tilbake. Først sakte, seinare med stor kraft og med stor glede.

Det som møter kvinnene ved grava, endrar verda deira. Ikkje berre deira verd, men vår verd, vår verkelegheit; vår død, vårt liv: Jesus Kristus lever og er han som har sigra over døden. Han kjem til oss med nytt liv. Eit liv som tek til her og no, i tida og verda, og som strekkjer seg utover det, inn i det evige. Han gjev retning og meining og tilgjeving og håp, midt alt vi opplever av frykt og tomleik og livsrot og sorg. Når alt håp er ute, viser påskedagen oss at Jesus er Den levande. På denne dagen måtte døden vike for Gudsriket sine krefter. Håpet er levande, han kjem oss i møte!

Truvedkjenninga

Vi trur på éin Gud,
den allmektige Far,
som har skapt himmel og jord,
alt synleg og usynleg.

Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus,
Guds einborne Son,
fødd av Faderen før alle tider,
Gud av Gud, lys av lys,
sann Gud av sann Gud,
fødd, ikkje skapt,
av same vesen som Faderen.
Ved han er alt skapt.
For oss menneske og til vår frelse

steig han ned frå himmelen,
og ved Den heilage ande og av Maria møy
vart han menneske av kjøt og blod.
Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus,
leid og vart gravlagd,
stod opp tredje dagen etter Skriftene
og fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Faderen,
skal koma att i herlegdom
for å døma levande og døde,
og hans rike skal vera utan ende.

Vi trur på Den heilage ande,
som er Herre og gjer levande,
som går ut frå Faderen og Sonen,
som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen
og som har tala gjennom profetane.
Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje.
Vi vedkjennest éin dåp til forlating for syndene
og ser fram til oppstoda av dei døde
og eit liv i den komande verda.
Amen.

Bøn

Jesus Kristus, oppstadne Herre og Frelsar,
vi takkar og lovprisar deg.
Du har brote opp dødens lenkjer og knust djevelens
makt.
Vi bed deg:
Fyll hjarta våre med glede, ved det levande håpet du har
gjeve oss,
så vi som kvinnene ved grava kan vitna om di oppstode,

du som med din Far og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve.Amen

(Dagens bøn for påskedag)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

Det nye livet i Kristus Jesus!

Påskefeiringa i kyrkja over heile verda- i ei spesiell tid

Om håp der dødskreftene framleis rår

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme:

Norsk salmebok 209 Døden må vike for Gudsrikets krefter

T Svein Ellingsen 1975

M Conrad Baden 1983

Døden må vike for
Gudsrikets krefter!
Du som var død, er vår
Herre i dag!
Kristus, du lever og står
ved vår
side her hvor vi rammes
av jordlivets slag.

Selv om vi føler oss svake
i verden,
bærer vi i oss et
grunnfestet håp:
Livets oppstandelse
påskedagsmorgen,
underet, skjedde på ny i
vår dåp.

Livet og døden, ja, alt er
forvandlet!
Dåps-vannet gjenspeiler
regnbuens pakt.
Troen er gitt oss: Guds
rike skal seire!

Syng gjerne flere påskesalmar, frå 186- 215 i Norsk salmebok!

Mørket som binder oss,
mister sin makt.

Løftet står fast når vår
fremtid er truet:
Ingen skal rive oss ut av
Guds hånd!
Engang skal Gud få sin
skapning tilbake.
Verden blir frigjort fra
fiendens bånd.

Døden må vike for
Gudsrikets krefter!
Livet er gjemt i et jord-
dekket frø.
Se, i oppstandelsens tegn
skal vi leve.
Se, i oppstandelsens lys
skal vi dø.

T © Svein Ellingsen M og
S © Torkil Baden

Velsigning:

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✝ (Her kan du teikne deg med krossteiknet)

2. Påskedag - 13.april

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om han som seier: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg skal leva om han så døyr!»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 117 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Lukas 24, 13-35

Bøn

Oppstadne Frelsar, Jesus Kristus,
du viste deg for menneske som var blinda av sorg.

Vi bed deg:

Kall oss ved namn, bryt brødet og skjenk vinen,
så vi kan kjenna deg att
og jubla over at du lever og er midt iblant oss,

du som med din Far og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve.Amen

(Dagens bøn for 2. påskedag)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

For alle som er einsame og som saknar nokon

Om påska sitt lys over dagane som kjem

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme:

Norsk salmebok 207 Livet vant, dets navn er Jesus

T 1973 Olov Hartman

O 1980 Eyvind Skeie

M Lyra Davidica 1708/1749

1 Livet vant, dets navn er
Jesus.

Halleluja.

Han var død, men se han
lever.

Halleluja.

Dødens porter åpner han,
halleluja,

viser vei til livets land.

Halleluja.

2 Hva er murer, hva er
graver?

Halleluja.

Han er med oss alle
dager.

Halleluja.

Én er Herren, én vår tro.

Halleluja.

Ett er brødet på hans
bord.

Halleluja.

3 Brødet brytes, vinen
deles,

halleluja,

for at vi ved tro skal leve.

Halleluja.

Av vår hyrde, sterk og

god,

halleluja,

får vi liv og overflod.

Halleluja.

4 Jesus døde for oss alle.

Halleluja.

Vi skal leve for hverandre.

Halleluja.

Jesus oppstod. Så skal vi,

halleluja,

oppstå til et evig liv.

Halleluja.

T © Olov Hartmans

dødsbo O © Eyvind Skeie

Velsigning

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ✠ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Volda

Rådhusgata 6a – tlf 70 07 40 90

volda.kyrkja.no